



Kommunane i Rogaland

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Notat om handtering av akutt landbruksforureining i kommunane

Rogaland er eit stort landsbruksfylke, og akutte utslepp frå landbruket skjer med ujamne mellomrom. Utslepp frå landbruk vert handtert på lik linje med anna utslepp frå landbasert verksemd. Dette notatet gir råd om korleis kommunane kan handtere melding om akutt forureining. Ansvar for utføring av tiltak etter utslepp avheng av omfanget av hendinga har:

- Forureinar
- Kommune
- IUA(interkommunalt utvalg for akutt forurensing)
- Staten ved Kystverket.

Notatet erstattar vårt tidlegare notat av 11.07.2007 frå Fylkesmannen i Rogaland.

### Akutt fase

Alle plikter å varsle om akutt forureining til nødsentralen (brannvesenet) ved å ringe 110. Forureinaren skal gjere det som er mogleg for å stoppe utslippet, og minske skadeverknadane. Nødsentralen vurderer skadeomfang, og vil aktivisere brannvesen og kommunens beredskapsvakt dersom forureinar sjølv ikkje kan handtere skaden.

Beredskapsvakta til kommunens vil normalt rykke ut. Dei som følgjer opp utsleppet må kartlegga følgjande:

- Kva har skjedd? Kva er slept ut og volum?
- Kor går utsleppet? Går det til vassdrag?
- Vil andre kommunar kunne bli råka? I så fall skal desse varslast.
- Hendinga skal dokumenterast med foto av årsak og skade.
- Ved større hendingar må det bli laga eit notat som beskriver kva som har skjedd.

### Oppfølging av hendinga

Kommunen har ansvar for oppfølging av hendinga. Kommunen må ha rutinar som sikrar at landbruksforvaltinga i kommunen blir underretta om akutt landbruksforureining.

Landbruksforvaltinga har lokal kunnskap, og kan gje råd til IUA, Interkommunalt utval for akutt forureining. Kommunen har myndighet til å:

1. Gi konkrete pålegg om kva som konkret må gjerast av retting og utbetring innan ei satt frist for å kunne drive i samsvar med gjeldane forskrifter
2. Knytte eit konkret tvangsgebyr til pålegget. Det må likevel gis eit varsel på førehand om at tvangsgebyr i saka er under vurdering og pårekneleg.

Vedtak med pålegg om retting, og tvangsgebyr er enkeltvedtak det kan klagast på. Tvangsgebyr bør bli gitt som eit konkret eingongsbeløp som kjem til betaling dersom skaden ikkje blir utbeta, og forureininga stoppa slik det er gitt pålegg om. Storleiken på gebyret skal vere slik at det ikkje lønar seg å la vere å rydde opp. Det må vera truverdig og pårekneleg i den forstand at forureinar må rekne med at tvangsgebyret blir innkravd, dersom det ikkje blir ordna opp på ein skikkeleg måte innan den fastsette fristen. Forureinar må òg vite at tvangsgebyret ikkje blir kravd inn dersom utbetringa vert gjort på ein tilfredstilande måte innan den avtalte/fastsette fristen.

Ved større hendingar kan det vere aktuelt påleggje forureinar å utføre miljøundersøkingar. Ved utslepp til vassdrag bør ein t.d. vurdera å ta vassprøvar eller søk etter daud fisk.

## Lovmessig grunnlag.

### Forskrift om varsling av akutt forurensing

Plikt til å varsle om akutt forureining er heimla i § 3. Varslingsplikt. Her heiter det følgjande:

*Den ansvarlige for akutt forurensning plikter straks å varsle i samsvar med denne forskriften. Denne varslingsplikten påhviler også oppdragstaker som utfører arbeid på vegne av den ansvarlige for forurensningen.*

*Enhver annen enn den ansvarlige for forurensningen har varslingsplikt, med mindre det er åpenbart unødvendig.....Varslingsplikten gjelder også ved fare for akutt forurensning.*

Jamfør § 4 er det brannvesenet som skal varslast når det gjeld landbasert verksemd.

### Forurensingslova

Det heiter etter forureiningslova § 7 *Ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensing (...).* Kommunen har ansvar og lovheimel når det gjeld forureining frå landbruket. Same lov gjer kommunane heimel til å gje pålegg om tiltak for å unngå utslepp (§7), krevje opplysningsar (§49), foreta granskings (§50), gje pålegg om undersøking (§51), gjera tiltak for å stanse utslepp (§74) og å nytta annan manns grunn (§75).

### Forskrift om organisk gjødsel

Lagring og bruk av husdyrgjødsel og silo er omfatta av forskrift om gjødselvarer m.v. av organisk opphav nr 951 av 4. juli 2003. Kommunane har etter § 29 tilsyn for at del III, lagring og bruk, i forskriften blir etterlevd. Kommunane kan etter § 32 gi pålegg om retting av forhold som er i strid med forskriften eller vedtak gitt i medhald av forskriften. Det kan også bli gitt tvangsgebyr.

### Melding av forureininga til politiet

Kommunen bør som hovudregel bruke sine eigne verkemiddel (som t.d. pålegg og tvangsgebyr) for å få rydda opp. I saker av særleg alvorleg karakter, eller der ein ikkje får ordna opp i situasjonen på annan måte, kan kommunen melde hendinga til Politiet. Forurensingslovens § 78 gjer høve til å krevja påtale. Kommunen må då vurdere grad av skade, presedens og subjektiv skyld.

I slike høve vil det vera naturleg at kommunen:

- Gir ei grundig utgreiing av fakta i saka så langt ein kjenner dei
- Opplyser om kva ein såg og opplevde under synfaringa
- Viser til dei lovar og forskrifter som er brotne.

- Dokumentarar så godt ein kan samanhengen mellom forureininga og skadane ein observerer.
- Legg ved dei bileta som vart tekne under synfaringa som bevis, og gir ei orientering om kva som er gjort etter synfaringa.

## **Forholdet til produksjonstilskot i landbruket**

Regelverksbrot skal som hovudregel følgjast opp etter sanksjonane som er å finne i det regelverket som ikkje er overhaldt. Pålegg i forureiningssaker som ikkje blir etterkomme kan motreknaast i produksjonstilskotet jamfør forskrift av om produksjonstilskudd i jordbruket § 13, 3. ledd.

Dette gir heimel for å ta inn uteståande krav frå det offentlege der bonden ikkje vil betale. § 13 kan berre brukast etter at vedkomande fagmyndighet har gjort endeleg vedtak, og bonden nektar å betale.

Føresetnaden for slike trekk er at det ligg føre gyldig vedtak, og lovleg konkret krav frå vedkomande fagetat, domstol og liknande som bonden nektar å betale.

## **Førebygging**

Alle føretak i landbruket har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at utstyr og bygningar er i slik stand at dei ikkje utgjer ein fare for forureining. Dette er også ein del av KSL –standarden i landbruket. Føretaka skal jamleg kontrollere at gjødselanlegg fungerer som føresett, og at det er fritt for lekkasjar. Silopressaft skal samlast opp, lagrast og brukast slik at ho ikkje forureinar. *Kommunane bør vere særleg merksame på at gjødselportar og tappelukar er sårbare punkt som må kontrollerast.* Føretak på Jæren kan søkje Jæren vannområde om tilskot til å støype att desse.

Kommunen skal informere om korleis landbruksføretaka skal varsle ved akutte hendingar.

## **Kommunal beredskap for akutte hendingar**

Kommunane har ansvar og myndigkeit ved alle typar forureining, og pliktar å ha ei beredskapsordning. Denne er i dag organisert gjennom regionale IUA (interkommunalt utval for akutt forureining).

IUA Sør-Rogaland ved Rogaland brann og redning IKS

IUA Haugesund ved Haugesund havnevesen IKS

For utfyllande informasjon anbefaler me å gå inn på [www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no)

Med helsing

Geir Skadberg  
ass. landbruksdirektør

Marit Sundsvik Bendixen  
ass. fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift